

# Rapport 2019- 1



## Innholdsliste

<b>1.</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>2</b>
<b>2.</b>	<b>Mandat og føringar .....</b>	<b>3</b>
<b>3.</b>	<b>Status for overtaking av bompengeselskapa .....</b>	<b>4</b>
<b>4.</b>	<b>Innkreving, trafikkdata og bompengeinntekter .....</b>	<b>4</b>
<b>5.</b>	<b>Finans og økonomi .....</b>	<b>10</b>
<b>6.</b>	<b>Strategiar og planar for 2019 .....</b>	<b>13</b>
	<b>VEDLEGG – KPI rapport 1.april 2019, for 1.8.2018- 31.12.2018.....</b>	<b>17</b>

## 1. Innleiing

Styret i Ferde AS ønskjer eigarrapportering 2 - 3 ganger per år utover årsrekneskapen og rapportering i samband med generalforsamlinga. Dette er den første formelle rapporteringa til alle eigarane våre i 2019.

Året 2018 har vore det store konsolideringsåret for bompenggeinnskrevjinga i regionen. Ferde har gjennom kjøpet av Ryfast AS 31. mars 2019 overtatt alle bompengeselskapa og bompengeprojekta i bomregion sørvest. Men organisasjonsendringane held fram. Ferde har no starta prosessen med å skilja ut og å avhenda utstedarverksemda. Det skal skje før 1. juli 2020.

Ferde har som strategisk målsetjing å bli det teknologileiande og mest effektive bompengeselskapet i Norge. Positiv utvikling på KPI'ane er heilt essensielt for at Ferde skal lukkast som regionalt bompengeselskap. Ferde har rapportert på KPI'ar til Vegdirektoratet 1. april. 2019 for perioden 1.8.2018 til 31.12.2018. Denne rapporten er tatt inn som eit vedlegg til eigarrapporten.

Ferde sine verdier er open, påliteleg, etterretteleg og nyskapande. Selskapet ønskjer å vera ein gjennomsiiktig organisasjon, både overfor trafikantar, oppdragsgjevarar og samarbeidspartnarar. Vi vil derfor informera om samfunnsoppdraget vårt og om korleis vi utfører det.

Bergen 2. april 2019

Trond Juvik  
Adm.dir.

## 2. Mandat og føringar

Ferde AS er etablert av Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder fylkeskommunar med grunnlag i Stortinget si handsaming av Meld. 25 (2014 – 2015). Færre selskap skal medverka til auka profesjonalitet i bompengesektoren. Det overordna målet for Ferde er å sørjja for bompengefinansiering av transportinfrastruktur gjennom effektiv bompengeinnkreving og gode finansieringsvilkår i bomregion sørvest. Brukarvenleg innkrevjing skal også prioriterast.

Ferde si rolle i bompengeinnkrejvinga i bomregion sørvest er regulert av overordna bompengeavtale mellom Ferde og Samferdselsdepartementet samt prosjekt- og finansieringsavtalene som blir inngåtte for kvar enkelt prosjekt. Ferde skal:

- Krevja inn bompengar
- Finansiera bompengeprojekt
- Vera AutoPASS utstedar i ein overgangsperiode (maksimalt til 1.7.2020)
- Ikkje driva anna verksemd
- Kunne yte bompengefaglege tenester til Statens vegvesen
- Driva kostnadseffektivt
- Ikkje gje utbytte til eigarane

Ferde er eit instrument for å nå bompengereforma sitt hovudmål om:

- Meir effektiv innkrevjing
- Meir brukarvenleg bompengeordning
- Betre kontroll med bompengeinnkrejvinga

For at staten skal kunna vurdera måloppnåinga av bompengereforma på strategisk nivå, er det utvikla 6 KPI'ar som Ferde og dei andre regionale bompengeselskapa blir målte på:

- Driftskostnad per passering
- Driftskostnad i prosent av passeringssinntekt
- Realiseringsgrad på passeringar utan avtale
- Identifiseringsgrad
- Vekta gjennomsnittleg effektiv lånerente inklusive sikringskostnadar
- Avkasting på overskottslikviditeten frå bompengeinnkrejvinga

Positiv utvikling på desse KPI'ane er heilt essensielt for at Ferde skal lukkast som regionalt bompengeselskap. KPI rapport frå 31.12.2018 rapportert 1.4.2019 er tatt inn som vedlegg til denne rapporten.

### 3. Status for overtaking av bompengeselskapa

Ferde har no kjøpt alle bompengeselskapa i regionen. Det siste selskapet, Ryfast AS, vart kjøpt 31. mars 2019. Garantistane for Ryfast, Rogaland fylkeskommune og Stavanger kommune, legg opp til å fremja sak i fylkestinget 30. april og i bystyret 27. mai om overføring av garantiane frå Ryfast AS til Ferde AS. Etter godkjenning av garantioverføringa, kan Ryfast AS innfusjonera i Ferde.

Samferdselsdepartementet har gjeve dispensasjon til at Ferde driftar innkrevjinga i nokre prosjekt utanfor regionen til ut i 2019. Ferde er ferdig med å drifta dei innkrevjingane som selskapet har hatt dispensasjon for å drifta, bortsett frå Eksportvegen på Møre. Eksportvegen kan driftast fram til 24.10.2019. Styret i Eksportvegen har vedteke å gå i forhandlingar med Vegamot om å bli innlemma i dette selskapet. Om Vegamot overtek selskapet Eksportvegen, vil også drifta av innkrevjinga i dette prosjektet bli overtatt av Vegamot frå ein gitt dato.

Ferde har også dispensasjon til å levera manuelle biletbehandlingstenester til Svinesundforbindelsen til 1.6.2019.

### 4. Innkreving, trafikkdata og bompengeinntekter

#### Passeringar i region sørvest

Frå og med november 2018 til og med februar 2019 har det vore om lag 69 mill. køyretøypasseringar i bomstasjonane i Ferde sitt område. Ser ein vekk frå den store auken som følgjer av utvidinga i Bymiljøpakken (Nord Jæren), er det ein reduksjon på 1,4% i høve til tilsvarende periode føregåande år.

Prosjekt	nov.18	des.18	jan.19	feb.19	Sum	nov.17 - febr.18	Endring	Endring i %
Bymiljøpakken (Nord-Jæren)*	6 551 846	6 214 528	6 455 780	5 925 229	25 147 383	14 005 517	11 141 866	79,6 %
Bypakke Bergen	4 140 029	3 763 785	3 911 539	3 621 825	15 437 178	15 902 080	-464 902	-2,9 %
Haugalandspakken	3 423 995	3 226 075	3 225 357	3 061 487	12 936 914	13 096 723	-159 809	-1,2 %
Samferdselspakke Kristiansand	1 720 494	1 629 938	1 626 744	1 480 305	6 457 481	6 440 499	16 982	0,3 %
Askøypakken	705 797	670 585	665 301	615 502	2 657 185	2 696 363	-39 178	-1,5 %
Førdepakken	573 262	541 443	532 490	501 123	2 148 318	2 116 861	31 457	1,5 %
Listerpakken	267 278	256 499	242 686	234 983	1 001 446	996 439	5 007	0,5 %
Vossapakke	167 861	170 036	154 033	182 152	674 082	687 632	-13 550	-2,0 %
T-forbindelsen	126 462	112 025	117 635	111 863	467 985	482 912	-14 927	-3,1 %
Bømløpakken	120 560	111 174	113 880	105 927	451 541	450 195	1 346	0,3 %
Rogfast**	102 955	101 794	84 386	115 756	404 891	408 523	-3 632	-0,9 %
Kvammapakken	63 545	55 960	51 459	61 452	232 416	246 772	-14 356	-5,8 %
Hardangerbrua	36 346	35 359	30 623	37 176	139 504	125 833	13 671	10,9 %
Stordalstunnelen	39 165	41 363	37 972	47 177	165 677	163 987	1 690	1,0 %
Finnfast	36 527	35 384	34 298	32 713	138 922	120 930	17 992	14,9 %
Gjesdal	19 016	24 387	29 124	43 029	115 556	131 861	-16 305	-12,4 %
Halsnøysambandet	34 493	33 670	34 126	30 852	133 141	125 092	8 049	6,4 %
Austevollsbrua***	26 017	25 305	22 885	21 938	96 145	99 596	-3 451	-3,5 %
Årsnes	17 935	16 381	14 632	15 378	64 326	62 050	2 276	3,7 %
Jondalstunnelen	13 376	12 731	12 838	12 381	51 326	47 917	3 409	7,1 %
Sum:	18 186 959	17 078 422	17 397 788	16 258 248	68 921 417	58 407 782	10 513 635	18,0 %
Sum eks. Bymiljøpakken	11 635 113	10 863 894	10 942 008	10 333 019	43 774 034	44 402 265	-628 231	-1,4 %

\* Innkrevinga vart utvida i oktober 2018

\*\* eks. elbilpasseringar, førebels ikkje med i bompengerapportane frå ferjeoperatør, kan bi justeringar relatert til AutoPASS ferje.

\*\*\*eks. elbilpasseringar, førebels ikkje med i bompengerapportane frå ferjeoperatør

Passeringane i Haugalandspakken, Bymiljøpakken og Bypakke Bergen utgjer omlag 78% av alle passeringane i Ferde sitt område.

Prosjekt	jan.18	feb.18	Sum	jan.19	feb.19	Sum	Endring	Endring %
Bymiljøpakken (Nord-Jæren)*	3 578 935	3 276 451	6 855 386	6 455 780	5 925 229	12 381 009	5 525 623	80,6 %
Bypakke Bergen	4 028 492	3 692 104	7 720 596	3 911 539	3 621 825	7 533 364	- 187 232	-2,4 %
Haugalandspakken	3 275 456	3 059 363	6 334 819	3 225 357	3 061 487	6 286 844	- 47 975	-0,8 %
Samferdselspakke Kristiansand	1 616 898	1 440 923	3 057 821	1 626 744	1 480 305	3 107 049	49 228	1,6 %
Askøypakken	682 741	626 711	1 309 452	665 301	615 502	1 280 803	- 28 649	-2,2 %
Førdepakken	538 684	497 201	1 035 885	532 490	501 123	1 033 613	- 2 272	-0,2 %
Listerpakken	242 102	229 339	471 441	242 686	234 983	477 669	6 228	1,3 %
Vossapakke	172 797	184 110	356 907	154 033	182 152	336 185	- 20 722	-5,8 %
T-forbindelsen	121 117	115 020	236 137	117 635	111 863	229 498	- 6 639	-2,8 %
Bømløpakken	112 445	107 235	219 680	113 880	105 927	219 807	127	0,1 %
Rogfast**	95 313	100 134	195 447	84 386	115 756	200 142	4 695	2,4 %
Kvammapakken	59 032	60 321	119 353	51 459	61 452	112 911	- 6 442	-5,4 %
Hardangerbrua	29 789	34 261	64 050	30 623	37 176	67 799	3 749	5,9 %
Stordalstunnelen	40 903	47 326	88 229	37 972	47 177	85 149	- 3 080	-3,5 %
Finnfast	32 891	30 400	63 291	34 298	32 713	67 011	3 720	5,9 %
Gjesdal	38 500	33 985	72 485	29 124	43 029	72 153	- 332	-0,5 %
Halsnøysambandet	31 253	28 995	60 248	34 126	30 852	64 978	4 730	7,9 %
Austevollsbrua***	25 227	23 801	49 028	22 885	21 938	44 823	- 4 205	-8,6 %
Årsnes	15 039	15 434	30 473	14 632	15 378	30 010	- 463	-1,5 %
Jondalstunnelen	11 545	12 118	23 663	12 838	12 381	25 219	1 556	6,6 %
Sum:	14 749 159	13 615 232	28 364 391	17 397 788	16 258 248	33 656 036	5 291 645	18,7 %
Sum eks. Bymiljøpakken	11 170 224	10 338 781	21 509 005	10 942 008	10 333 019	21 275 027	- 233 978	-1,1 %

\* Innkrevinga vart utvida i oktober 2018

\*\* eks. elbilpasseringar, førebels ikkje med i bompengerapportane frå ferjeoperatør, kan bi justeringar relatert til AutoPASS ferje.


\*\*\* eks. elbilpasseringar, førebels ikkje med i bompengerapportane frå ferjeoperatør

Talet på passeringar per dag (ÅDT) i Bymiljøpakken i januar og februar 2019 er om lag 210 000. Det er om lag det same som i oktober 2018 og 8500 lågare enn føresett i stortingsproposisjonen for pakken.

Talet på passeringar per dag (ÅDT) i Bypakke Bergen i januar og februar 2019 er om lag 128 000. I finansieringsgrunnlaget som er lagt til grunn for den utvida bompenginnkrevjinga som startar opp 6. april 2019, er det føresett 250 000 i ÅDT.

I Jondalstunnelen vart takstane sette ned med verknad frå 1. desember 2018 – for liten bil frå 100 kr. til 32. kr. Trafikken dei to første månadane i år er 6,6 % høgare enn i tilsvarende periode i 2018.


## Elbilpasseringar



Merk: Data for Rogfast (Mortavika – Arsvågen) ligg ikkje føre per i dag.



Andelen elbilar i bomstasjonane er framleis sterkt aukande. Elbilandelen er særleg stor i ferjeavløysingsprosjekta Finnfast og Halsnøysambandet - og i og nær byane på kysten av Vestlandet.

Finnfast og Halsnøysambandet er dei prosjekta som har høgast andel elbilpasseringar. I februar 2018 utgjorde elbilandelen i Finnfast 41,9% av alle passeringane. I Halsnøysambandet var elbilandelen i februar 2019 på 33,8%. Denne store elbilandelen



er ei av hovudårsakene til at det er inntektssvikt i Halsnøysambandet, trass i at den totale trafikkveksten er høgare enn føresett (sjå lenger bak i rapporten).

I Askøypakken vart det innført bompengar for nullutsleppskøyretøy 1. januar 2019. Det har endra forholdet mellom inntektsgjevande passeringar og fritakspasseringar.



I Bømløypakken vart det innført bompengar for nullutsleppskøyretøy 1. februar 2019.

Bompengar for nullutsleppskøyretøy vart innført i *Stordalstunnelen*, *Jondalstunnelen*, *Halsnøysambandet* og på sambanda i *Austevoll* (til *Austevollsbrua*) 1. april 2019. I *Bypakke Bergen* vert bompengar for elbil innført 6. april 2019. Hydrogenbilar med gyldig avtale og brikke får framleis fritak for bompengar i *Bypakke Bergen*.

I dei prosjekta der det ikkje er bompengar for elbilar, kan ein ikkje sjå på elbilpasseringane som ei direkte «tapt inntekt». Det er rimeleg å tru at bompengar for elbil vil kunna gje noko trafikkavvising, men det er for tidleg å gjera estimat på kor stor denne trafikkavvisinga vil bli. Dessutan vil mange elbilpasseringar ikkje bli inntektsgjevande, då også desse vil bli til fritakspasseringar grunna passeringstak og timesregel, slik som for andre bilar.



### Bompengeinntekter i Ferde sine prosjekt

Passeringsinntektene for januar og februar er om lag 383 mill.kr. Det er om lag 14 % høgare enn for tilsvarende periode i 2018. Heile veksten skuldast utvidinga av bompengeinnkrevjinga i Bymiljøpakken.

Passeringsinntekter per prosjekt	Jan-Feb. 2019	Jan-Feb. 2018	Endring	Endring i %
Bymiljøpakken (Nord-Jæren)	128 635 701	84 506 320	44 129 380,66	52,2 %
Bypakke Bergen	114 787 488	103 936 945	10 850 542,81	10,4 %
Årsnes	689 950	651 173	38 777,00	6,0 %
Hardangerbrua	8 659 422	8 173 740	485 681,66	5,9 %
Askøypakken	15 110 306	14 944 712	165 594,02	1,1 %
Bømløpakken	8 748 935	8 754 145	- 5 209,76	-0,1 %
Halsnøysambandet	3 277 574	3 298 940	- 21 365,55	-0,6 %
Finnfast	5 395 362	5 526 453	- 131 091,00	-2,4 %
Austevollsbrua	2 792 518	2 929 651	- 137 133,00	-4,7 %
Gjesdal	2 968 220	3 117 672	- 149 451,60	-4,8 %
T-forbindelsen	5 003 079	5 269 050	- 265 971,00	-5,0 %
Vossapakke	11 634 499	12 514 859	- 880 360,69	-7,0 %
Listerpakken	9 107 086	9 118 583	- 11 496,50	-0,1 %
Samferdselspakke Kristiansand	32 918 275	33 702 290	- 784 015,22	-2,3 %
Førdepakken	13 760 610	15 185 662	- 1 425 052,00	-9,4 %
Røgfast	13 281 989	15 540 844	- 2 258 855,00	-14,5 %
Stordalstunnelen	2 693 311	3 301 282	- 607 971,43	-18,4 %
Kvammapakken	3 000 109	3 690 031	- 689 922	-18,7 %
Jondal	556 803	1 671 930	- 1 115 127	-66,7 %
<b>Sum:</b>	<b>383 021 235</b>	<b>335 834 281</b>	<b>47 186 954</b>	<b>14,1 %</b>
Sum eks. Bymiljøpakken	254 385 534	251 327 961	3 057 573	1,2 %

Inntektsveksten i Bypakke Bergen, som likevel er lågare enn føresett grunna forseinka utviding av bomringen, skuldast innføringa av nye bomtakstar 1. juni 2018 og 1. januar 2019. Trafikken er redusert i denne perioden.

Inntektene i Jondalstunellen er berre ein tredjedel i januar og februar 2019 samanlikna med same periode i 2018, noko som skuldast den store takstreduksjonen gjeldande frå 1. desember 2018.

### Avvik i innkrevjinga til Bymiljøpakken (Nord- Jæren)

Ferde starta innkrevjinga til Bymiljøpakken (Nord - Jæren) 1. oktober 2018. I Bymiljøpakken oppstod det feilsituasjonar i systema for bompengeinnkrevjing som i enkelte tilfelle har gjeve for høg belastning av kundar, for låg belastning av kundar og tapte inntekter. Feila har vore knytt til:

1) *Vegkantutstyret*. Det har vore tekniske feil i registreringa i vegkantutstyret.

2) *Timesreglen*. Det er vedteke ein timesregel der det er den første fysiske passeringa innan en time som det skal belastas for. Dagens innkrevjingssystem er ikkje innretta for

å handtera ein slik timesregel i kombinasjon med tidsdifferensierte takster, noko som i enkelte tilfelle kan gje feil belastning (sjå førre eigarrapport for detaljert omtale).

Med grunnlag i desse feilsituasjonane vedtok Statens vegvesen 8. desember 2018 at det ikkje skulle belastas rushtidsavgift frå 10. desember inntil dei tekniske problema er løyste. Dei tekniske feila i vegkantestyret skal no vera løyste og rushtidsavgifta starta opp igjen 25. mars. kl. 07.00. Statens vegvesen si pressemelding frå 22. mars:

  
**Bymiljøpakken**

PRESSEMELDING  
22.03.2019

## Rushtidsavgift fra mandag

**Fra mandag 25. mars 2019 blir det igjen krevet inn rushtidsavgift i bomstasjonene på Nord-Jæren.**

Vegdirektoratet besluttet fredag at pausen i innkreving av rushtidsavgift er over.

- Vi har oppdatert programvaren og testet denne grundig. Vi regner med at bomplasseringene blir registrert slik de skal, forklarer seniorrådgiver Alberte Ruud i Statens vegvesen.

Tester viser at systemet nå er i en stabil driftssituasjon. Det betyr at vi er innenfor en akseptabel registreringsgrad på mer enn 99,5 prosent av alle passeringer.

Det innebærer at fra mandag 25. mars blir det gjeninnført rushtakst i bomstasjonene.

### Takster i Bymiljøpakken

Utenom rush er taksten 22 kroner (17,6 kroner med bombrikke) for lette kjøretøy. For tunge kjøretøy er det 55 kroner.

I rushtid er taksten 44 kroner (35,2 kroner med bombrikke) for lette kjøretøy. For tunge kjøretøy er det 110 kroner.

Rushtid er mellom klokka 07.00-09.00 og 15.00-17.00 mandag til fredag.

Det er timesregel (kun betaling for første passering i løpet av en time) mellom bomstasjonene for kjøretøy med bombrikke.

Både lette og tunge kjøretøy med bombrikke har «tak» på 75 passeringer per måned.

### Pause siden 10. desember 2018

På grunn av tekniske problemer med å kombinere timesregelen og rushtidsavgift, har det siden 10. desember 2018 vært stopp i innkreving av rushtidsavgift i Bymiljøpakken på Nord-Jæren. På bakgrunn av dette ble det bestemt at all innbetalt rushtidsavgift skulle tilbakeføres fra 1. oktober 2018.

Sjå også Ferde si nettside:

<https://ferde.no/2019/03/rushtidsavgift-fra-mandag-25-mars/>

## 5. Finans og økonomi

### **KPI rapportering**

Ferde og dei andre regionale bompengeselskapa vil rapportera på dei 6 KPI'ane for andre gong basert på tal for 31.12.2018. Denne rapporteringa er framleis definert som ei prøverapportering som er unnateke offentlegheit etter §5 i Offentleglova (om utsett innsyn). Dei regionale bompengeselskapa står likevel fritt til sjølv å offentleggjere KPIane sine. Det skal rapporterast halvårleg med rapporteringsperiodar 01.01-30.06 og 01.07-31.12. Rapporteringsperiodane har rapporteringsfristar høvesvis 01.09 og 01.03. For perioden 01.08.2018 – 31.12.2018 er rapporteringsfristen utsett til 1.4.2019. Det er lagt opp til at framtidige KPI rapportar skal offentleggjerast. For KPI'ane for gjennomsnittleg finanskostnad og avkasting på overskottslikviditeten for Ferde, sjå vedlegget med KPI rapportering.

### **Økonomirapportering**

Med unntak av Ryfast AS vart innfusjoneringa av dei tidlegare bompengeselskapa i regionen fullført i 2018. Det vil derfor bli avlagt prosjektrekneskap for 2018 for alle bompengeprojekt separat samt at rekneskapane vil inngå i Ferde sin konsoliderte rekneskap.

### **Ferde sin låneportefølje**

Ferde tek opp lån som finansierer Statens Vegvesen og Nye Veier AS sine utbyggingsprosjekt. For kvart bompengeprojekt vert det inngått ein finansieringsavtale og en prosjektavtale med Statens vegvesen eller Nye Veier AS. Midlar til prosjekta blir rekvirerte basert på ein rekvisisjonsplan og låna vert nedbetalte med bompengar som Ferde krev inn for dei respektive prosjekta. Ferde finansierer per i dag 24 prosjekt og den samla gjeld er per 20.03.2019 på NOK 14,4 mrd.

### **Fylkeskommunale garantiar**

For å få best mogleg rentevilkår er det vanleg at fylkeskommunar stiller garantiar for bompengeselskapa sine lån. Offentlege garantiar gjennom sjølvskuldnargaranti gir eit «kvalitetsstempel» på gjelda, som inneber at långjevarane får lågare risiko og låntakar (Ferde) får større tilgang på lån gjennom fleire långjevarar og betre lånevilkår enn selskapet elles ville ha fått. Samtlege låneopptak gjort av Ferde for finansiering av bompengeprojekt har fylkeskommunal sjølvskuldnargaranti.

Fylke	Prosjekt	Garanti i NOK millioner <sup>1</sup>	Gjeld per 20.03.2019
Aust-Agder	E18 Tvedestrand - Arendal	3 000	1 704
Hordaland	Jondalstunellen	50	40
Hordaland	Fastlandssambandet Halsnøy	130	112
Hordaland	Bømlopakken	600	600
Hordaland	Kvammapakken	370	291
Hordaland	Vossapakken	610	479
Hordaland	Hardangerbrua	1 430	1 430
Hordaland	Nordhordlandspakken	750	80
Hordaland	Stordalstunellen	160	135
Hordaland	Årsnes ferjekai	16	10
Hordaland	Bypakke Bergen	6 100	5 270
Hordaland	Bergen – Os	3 770	2 928 <sup>2</sup>
Hordaland	Austevollbrua	100	76
Hordaland	Askøypakken	1 230	0
Hordaland	Sotrasambandet	3 000	0
Rogaland	Finnfast	550	348
Rogaland	T-forbindelsen	210	148
Rogaland	Haugalandspakken	210	0
Rogaland	Bypakke Nord-Jæren	7 000	275
Rogaland	Rogfast	16 000	400 <sup>3</sup>
Sogn og Fjordane	Førdepakken	600	43
Vest-Agder	Nye Kristiansand	200	0
Vest-Agder	Listerpakken	200	0
Sum		46 286	14 369

- 1) Garantier i nominelle kroner som oppgitt i stortingsproposisjoner for det enkelte prosjekt, før inflasjonsjustering.
- 2) Lån utvidet med NOK 50 millioner den 20.03.2019 med virkning fra 25.03.2019
- 3) Lån utvidet fra NOK 200 millioner til NOK 400 millioner den 20.02.2019 med virkning fra 25.03.2019

## Verkemiddel ved sviktande økonomi

Om økonomien i eit prosjekt vert svakare enn rekna med, kan Ferde etter avtale med Vegdirektoratet auka takstane med inntil 20 pst. ut over prisstigninga og/eller forlenga innkrevjingsperioden med inntil 5 år. I bompengepakkar og i ein del bompengeprojekt er det mogleg å redusera utbyggingsomfanget om inntektene skulle svikta. Det er også mogleg å fremja eit revidert bompengeplegg for Stortinget. På landsbasis har det vore slik at bompengeprojekt i snitt blir nedbetalte 2 år før tida.

Ein gjennomgang av økonomien i prosjektet Fastlandssambandet Halsnøy har avdekkja at prosjektet, med dagens takstar og trafikk, ikkje vil vera i stand til å nedbetala uteståande gjeld på NOK 112 millionar innanfor gjeldande innkrevjingsperiode som varer til mars 2023. Hovudgrunnen til dette er ein stor og framleis veksande elbilandel. Det vart 1.april 2019 innført takst for nullutsleppskøyretøy. Ferde vil følgja nøye med på korleis bompengar for nullutsleppsløyretøy påverkar inntektetene i prosjektet. I stortingsproposisjonen for prosjektet står det at bompengeselskapet kan auke takstane med inntil 20 prosent og forlenga innkrevjinga med inntil 5 år om bompengeinntektene vert lågare enn føresett. Ferde er i dialog med Staten vegvesen om vidare prosess i denne saka. Gjelda i prosjektet er garantert av Hordaland fylkeskommune med ein

sjølvskuldnargaranti på inntil NOK 130 millionar fram til 2023. Om Vegdirektoratet vedtek å forlenga innkrevjingsperioden, må også garantiperioden forlengast.

### **Rekvisisjonsplanar**

Ferde har eit godt samarbeid med Statens vegvesen og Nye Veier AS for å kunna føreseia rekvisisjonane, slik at det er mogleg for Ferde å planlegga for finansiering av selskapa sine prosjekt på lang sikt. Dette omfattar ein oversikt over rekvisisjonsnivå per prosjekt på månadsbasis for inneverande år, samt forventa framtidige rekvisisjonar per prosjekt på årleg basis. Basert på rekvisisjonsplanar per 20.03.2019 har Ferde sine prosjekt eit samla rekvisisjonsbehov på NOK 4,9 milliardar i 2019 og ca. NOK 4,5 milliardar for 2020. Så langt i 2019 har det blitt rekvirert for NOK 1,5 milliardar der NOK 1,0 milliardar til bygging av E18 Tvedestrand – Arendal utgjer den klart største andelen.

Oppdatert rekvisisjonsplan for Bypakke Bergen viser ein auke i forventa rekvisisjonsnivå på NOK 250 millionar til NOK 1 233 millionar i 2019. Med estimerte bompenginntekter i 2019 på ca. NOK 900 millionar betyr dette eit auka låneopptak gjennom året på omlag NOK 300 millionar, som gjer at prosjektet si samla gjeld ved utgangen av året vil utgjera omlag NOK 5,6 milliardar. Hordaland fylkeskommune har stilt sjølvskuldnargaranti for lån til prosjektet på opp til NOK 6,1 milliardar kroner fram til utgangen av 2037.

### **Utvikling av finansfunksjonen**

Ferde arbeider kontinuerleg med å skaffa best mogleg finansiering for bompengeprojekta. Ferde vil sjå på om det kan verta mogleg å organisera finansieringsaktivitetane med ein internbank (treasury) for meir effektiv finansiering og likviditetsstyring med mål om lågare totale finansieringskostnadar.

## 6. Strategiar og planar for 2019

### **Strategi 2019 - 2021**

Med grunnlag i visjonen «Effektiv finansiering av fremtidens samferdsel» og Ferde sine verdiar «Open, Påliteleg, Etterretteleg og Nyskapande», har Ferde lagt en strategiplan for perioden 2019- 2021, inklusive handlingsplanar med tiltak for strategiperioden knytt til teknologi/kunde, prosess/kvalitet og organisasjon/drift/finans.

Selskapet skal ha god score på de seks KPI'ane som gjeld for dei regionale bompengeselskapa. Samstundes skal Ferde utviklast som eit profesjonelt selskap, med godt omdøme og nyskapande teknologi. Ferde vil kontinuerleg bli vurdert ut frå utviklinga på dei eksternt gitte KPI'ane og evna til trygg og kundevenleg innkrevjing. Ferde skal ta posisjonen som det teknologileiande bompengeselskapet innan 2025.

I strategiperioden 2019 - 2021 legg Ferde opp til å ta teknologiske grep og å betra prosessane i selskapet. Sentralt i dette er Ferde si nye operatørløysing som erstattar dagens grunnfunksjonalitet i operatørsystemet, men som også legg fundamentet for vidare teknologitviking innanfor automatisering og sjølvbetening.

### **Nokre sentrale utviklingsoppgåver i 2019**

#### Ny operatørløysing

Statens vegvesen sin kontrakt med Q Free om bruk av CS Norge går ut i juli 2019, men Statens vegvesen kan utløysa opsjonar for forlenging. Ferde samarbeider no med Vegamot og Bompengeselskap Nord om å utvikla ei ny operatørløysing for bruk i dei tre bomregionane. Dei regionale bompengeselskapa sine operatørløysingar skal implementerast i årsskiftet 2019/2020. Ferde skal, i lag med dei andre regionale bompengeselskapa, etter kvart overta AutoPASS IP (som identifiserar og prisar passeringane) og AutoPASS HUB (meldingsteneste som sikrar interoperabilitet) frå Statens vegvesen- og vil då få ansvaret for heile AutoPASS verdikjeda.

#### Førebu utskiljinga av utstedarfunksjonen

Regjeringa har i statsråd 14. desember 2018 fastsett «Forskrift om utstedervirksomhet for bompenger og ferjebilletter (utstederforskriften)»<sup>1</sup>. Forskrifta gjeld frå 1.1.2019. Føremålet med forskrifta er å etablere eit nødvendig rammeverk for utskilte utstedarar. Ferde AS har fått dispensasjon til å ha integrert utstedarverksemd i ein overgangsfase fram til 30. juni 2020, i høve til §37 i forskrifta.

Med bakgrunn i utstedarforskrifta og Vegdirektoratet sine føringar for operatørane si avhending av utstedarverksemda, har Ferde starta prosessen for utskiljing.

---

<sup>1</sup> Se: <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2018-12-14-1917>

Samferdselsdepartementet føreset at kundemassen har ein verdi. Det vert ikkje tillat å overdra kundemassen vederlagsfritt til eit utstedarselskap, heller ikkje til eit fylkeskommunalt utstedarselskap med same eigar som det regionale bompengeselskapet, fordi desse verdiane er skapte av bompengar, som har som premiss at bompengeinntektene skal tilfalla vegformål.

Deloitte har på oppdrag frå Vegdirektoratet utarbeida eit notat om forhold knytt til verdifastsetjinga av utstedarverksemda:

*«For å sikre seg mot mulige anførsler om ulovlig statsstøtte i forbindelse med at utstedervirksomheten overdras/skilles ut, anbefales det at en følger ESAs retningslinjer for salg av eiendom fra det offentlige. Retningslinjene fastslår at det ikke foreligger støtte dersom salget foregår gjennom en åpen budrunde, eller på bakgrunn av en uavhengig takstvurdering av kvalifisert takstmann.»*

Ferde har gjennom bompengeavtalen ei plikt til å sørgja for selskapet sine interesser, både ved å oppnå høgast mogleg pris for utstedarverksemda og ved å etablera størst mogleg tryggleik for den framtidige kontantstraumen. Selskapet må også ta vare på interessene til dei tilsette som vert råka av salet. Utstedarselskapa si kundetilnærming vil også vera relevant i salsvurderinga. Det er ei målsetjing å sikra alt dette i prosessen vidare.

Utstedarverksemda kan avhendast via to alternative modellar:

1. Rein avhending av kundemassen
2. Eit ferdig «rigga» selskap med organisasjon, kundemasse og infrastruktur

Per i dag kjenner Ferde til at det er to selskap som har søkt om godkjenning som utstedar – Skyttel AS etter §21 i forskrifta og Tolltickets etter §22 i forskrifta.

#### Overta og utvikla vegkant

Eigarskapet til vegkantutstyret skal overførast Ferde frå Statens vegvesen. Etter kvart som selskapa er blitt overtatt av Ferde AS, er planen at service- og vedlikehaldskontraktane vert overførte til Ferde. Nye innkjøp og oppgraderingar framover skal utførast av Ferde. Ferde har organisasjon, kompetanse og kapasitet til å overta ansvaret for vegkant for alle prosjekta.

Bypakke Nord-Jæren opna 1. oktober 2018. Sidan oppstart har det vore ein del tekniske utfordringar som t.d. førte til at rushtidsavgifta blei sett på vent 10. desember 2018. Desse vanskaner er blitt handterte av Statens Vegvesen og Statens vegvesen sin leverandør av bomstasjonar. Statens vegvesen meldte 22. mars at systemet no er i ein stabil driftssituasjon. Ferde legg til grunn at problema med vegkantutstyret er løyste når Ferde skal overta dette ansvaret.

I Nordhordlandspakken har Ferde motteke bestilling på anskaffing, installasjon og drift av 5 bompengestasjonar (+1 som kjem seinare på Radøy). Planlagt oppstart for innkrevjinga er 1.12.2019. Anskaffinga av bompengeutstyr til Ryfast vert handtert av



Statens Vegvesen. Ferde har også starta dialogen med Statens Vegvesen om bompengeprojekta for Rådal – Sveгатjørn og for Sotrasambandet.

Regionen har mange bomstasjonar og køyrefelt. Det er eit aukande behov for enkelt å kunne monitorera og overvaka stasjonane, transaksjonsflyt og kvaliteten frå dei ulike leverandørar i eit felles grensesnitt. Ferde vil sjå på dette i samband med leveransen av nytt sentralsystem.

### **Kvalitetsutvikling**

Ferde har fokus på prosjektutvikling, implementering av ein felles prosjektmetodikk og organisasjonsutvikling for å strømlinjeforma organisasjonen. Dette vert gjort gjennom leiarutvikling, oppdatering av stillingsbeskrivingar og gjennom å tydeleggjera ansvar.

Ferde har jobbar med prosessforståing og prosesseigarskap for å sikra at selskapet har fokus på kjerneprosessane i selskapet, og på å vidareutvikla desse, for å kunne oppnå betre resultat på Ferde sine KPI'ar

I samband med utviklinga av innkjøpsstrategi har Ferde utarbeida og implementert ein forenkla CSR-Policy som stettar krava frå FN-initiativet Global Compact. For å sikra at Ferde til ei kvar tid etterlever krava i personvernforordninga, har selskapet eit kontinuerleg arbeid med å sikra kompetansen hjå dei tilsette, betra dei interne prosessane samt å utvikla IT-verktøy og system som støttar opp om krava. Ferde nyttar eit enkelt e-opplæringsprogram for dei tilsette, for å sikra at krava i personvernforordninga vert forstått likt av alle i Ferde.

### **Driftsoppgåver i 2019**

#### Ordinær drift

Ferde skal i 2019 krevja inn bompengar og finansiera dei prosjekta som er i Ferde sin portefølje. Innkrevjinga i desse prosjekta held fram i 2019.

#### Avslutting av prosjekt

Listerpakken er det einaste prosjektet som det er aktuelt å avslutta i 2019. Ferde reknar no på kor tid innkrevjingsretten opphøyrer. Ferde er i dialog med Statens vegvesen Region sør i høve til å fastsetja det eksakte avsluttingstidspunktet

#### Nye prosjekt

Ferde får eit stort ansvar og mykje arbeid med å krevja inn bompengar og å finansiere bompengeprojekt som startar opp i 2019:

#### *Bypakke Bergen*

I Bypakken for Bergen (Prop. 11 S (2017-2018)), som finansierer «Miljøløftet», vert bomringen utvida 6. april 2019 med 15 nye bomstasjonar med einvegsinnkrevjing mot sentrum. Dei nye stasjonane har ikkje høgare takstar i rushtidsperiodane (er ikkje tidsdifferensierte). Frå same dato vert det innført betaling av bompengar for nullutsleppskøyretøy i Bergen. Takstane for nullutsleppskøyretøya vert kr 10 utanfor rushtida og kr 20 i rushtida. Ved å inngå avtale og bruk av elektronisk brikke kan nullutsleppskøyretøy med HY-skilt få fritak frå å betale bompengar. Alle køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke får 20 pst. rabatt. Timesregel, samt passeringstak på 60 passeringar pr. månad, vert vidareført for alle køyretøy med elektronisk brikke og gyldig avtale.



Det er i bompengesøknaden rekna med at årlege brutto bompengeinntekter vil auka frå om lag 700 mill. kr. i dag til vel 1 mrd. kr som følgje av utviding av bompengesystemet med nye bomstasjonar og innføringa av miljødifferensierte takster (som vart innført 1.juni 2018). Dette gjev brutto bompengeinntekter på om lag NOK 20 mrd. 2017 kr for perioden 2018 – 2037.

#### *E18 Tvedestrand- Arendal*

I prosjektet E18 Tvedestrand – Arendal (Prop. 86 S (2015-2016)) startar innkrevjinga 2.juli 2019. Innkrevjinga skjer i to bomstasjonar (E18 Mørland og E18 Stølen) med innkrevjing i begge retningar. Brutto bompengeinntekter er rekna til omlag 3,62 mrd. 2016 kr. Innkrevjingsperioden er sett til 15 år. Takstopplegget inklusive halv takst for nullutsleppskøyretøy har Statens vegvesen Region sør no sendt til kommunane Tvedestrand og Arendal og til Aust Agder fylkeskommune til uttale.

#### *Nordhordlandspakken*

Innkrevjing til Nordhordlandspakken (Prop. 164 S (2016–2017)) startar 1.12.2019 i fem bomstasjonar i kommunane Meland, Lindås og Radøy. Brutto bompengeinntekter er rekna til omlag 1,48 mrd. 2017 kr. og innkrevjingsperioden er sett til 12 år.

#### *Ryfast*

Ryfastprosjektet på Rv13 vil gje ferjefri veg mellom Ryfylke, Hundvåg og Stavanger, og vert bygt saman med Eiganestunnelen på E39 i Stavanger i eit prosjekt (Eiganestunnelen er delvis finansiert frå Bymiljøpakken). I Ryfast startar bompengeinnkrevjinga truleg i desember 2019 i bomstasjonar på Hundvåg, Buøy og Solbakk. Innkrevjingsperioden er sett til 20 år. Brutto bompengeinntekter er rekna til 9,9 mrd. 2012 kr.

#### *Andre vedtekne prosjekt*

Etter 2020 vert det innkrevjing til E39 Rådal- Svegatjørn (2022), E39 Kristiansand vest – Lyngdal vest (2022) og Rv 555 Sotrasambandet (2024?)

#### Takstendringar

Det vil bli gjort mange takstendringar i 2019:

#### *Innføring av takstar for nullutsleppskøyretøy*

Stortinget vedtok 14. juni 2018 bortfall av fritaksordninga for nullutsleppskjørretøy, med innføring av takst på mellom 0 og 50 prosent av ordinær takst, der det er lokalpolitisk oppslutnad om det. Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har vedteke å innføra maksimaltakst i sine prosjekt og det er no høyringar om dette rundt om i dei kommunane som ikkje alt har gjort vedtak om å innføra bompengar for nullutsleppskjørretøy.

Ferde vil i 2019 halda fram med å implementera bompengeavgift for nullutsleppskjørretøy i samsvar med føringane i Prop. 87 S (2017-2018) i dei prosjekta og pakkane i bomregion sørvest der det er lokalpolitisk tilslutnad til å innføra ei slik avgift.

#### *Omlegging til nytt takst- og rabattsystem*

Alle prosjekta i Ferde sin region, bortsett frå Ryfast, Kvammapakken, Finnfast, Gjesdal og Listerpakken har no lagt om til nytt takst- og rabattsystem. Bømløpakken la om til nytt takst- og rabattsystem 1. februar 2019.

Kvam herad har i heradstyremøte 19.12.2018 vedteke omlegging til nytt takst- og rabattsystem i Kvammapakken, men saka kjem opp igjen innan mai 2019 med nye utrekningar av takstar med og utan passeringstak. Heradsstyret har vedteke at omlegginga skal gjelda frå seinast 1. august 2019.

Vest Agder fylkeskommune og kommunane i Listerpakken har sagt nei til omlegging til nytt takst- og rabattsystem grunna kort gjenstående innkrevjingstid.

Kommunane Rennesøy og Finnøy har tidlegare sagt nei til omlegging til nytt takst- og rabattsystem for Finnfast. Etter oppmoding frå Rogaland fylkeskommune er saka no handsama på nytt. Kommunestyra i Finnøy og i Rennesøy vedtok 11. februar 2019 å stilla seg bak omlegginga til nytt takst- og rabattsystem for Finnfast. Takstendringa skal gjelda frå 1.august 2019. Samstundes vedtok kommunane å innføra halv bompengetakst for nullutsleppskøyretøy.

Strand kommune og Rogaland fylkeskommune har slutta seg til nytt takst- og rabattsystem for Ryfast. Omlegging til nytt takst- og rabattsystem for Ryfast vert truleg handsama i bystyret i Stavanger 27. mai 2019.

Kommunestyra i Sirdal og Gjesdal vedtok i møte høvesvis 7.februar 2019 og 11. mars 2019 å støtta omlegginga til nytt takst- og rabattsystem for Fv45 Gjesdal. Planen er å leggja om til nytt takst- og rabattsystem før 1. august 2019.

#### *AutoPASS bompengerekkjeving på ferjene*

Ferde sine brikker, og dei andre bompengeselskapa sine brikker, vert no også nytta til ferjebillettering inklusive innkrevjing av bompengar som ein del av ferjebilletten (der det er aktuelt). Ferde utstedar brikker i ein overgangsperiode og mottar innkravde bompengar frå Fjord1 i tre av ferjesambanda i regionen. Ferde får mange førespurnadar om AutoPASS ferje. Ferde har ikkje noko ansvar eller kundeservice for AutoPASS ferje. Reisande/kundar vert oppmoda om å gå inn på [www.autopassferje.no](http://www.autopassferje.no) og ferjeoperatørane sine nettsider for å finna informasjon om AutoPASS ferje.

1.1.2019 vart det innført ferjebillettering etter Autopass regulativet med brikke på sambandet Mortavika – Arsvågen, der bompengar til Rogfast inngår som ein del av betalinga for ferjebilletten.

På sambanda i Austevoll, Hufthamar – Krokeide og Husavik – Sandvikvåg, vart AutoPASS ferjeregulativet med brikkebetaling innført 1. april 2019. Som ein følgje av denne omlegginga, er det her innført nye bompengetakstar, tilpassa det nye regulativet, og innkrevjing av bompengar frå passasjerar er fjerna.

#### *KPI justering av takstane*

Bompengetakstane i bomringen i Bergen vart prisjustert i samsvar med veksten i konsumprisindeksen (KPI) frå 1.1.2019. I Askøypakken vert takstane KPI justerte 1. mai 2019.

Sjå Ferde sine nettsider [www.ferde.no](http://www.ferde.no) for meir detaljert og oppdatert informasjon om takstendringar.

**VEDLEGG – KPI rapport 1.april 2019, for 1.8.2018-31.12.2018**

## Basisinformasjon

Selskap	Ferde AS
År	2018
Rapporteringsperiode	Andre halvår (01.07-31.12)
Kontaktperson for rapporteringen	

## Grunnlagstall for KPI-beregningene

1. Driftskostnad	Kostnader - Andre halvår (01.07-31.12) 2018 kr 170 649 461,00	Kommentarer Beløpet inkluderer NOK 11,3 millioner (for hele året) i utstedergodtgjørelse. Det er ikke gjort beregninger på hvor stor andel som gjelder internt i regionen. Kostnaden ble heller ikke trukket ut på 1. halvår 2018 da ingen av selskapene i regionen var fusjonert inn i Ferde. KPI 1 - Driftskostnad pr passering er for 2. halvår 2018 1,75 (1. halvår 1,72)
Ekstraordinære driftskostnader ved oppstart/avvikling	Kostnader - Andre halvår (01.07-31.12) 2018	Kommentarer Viser til samtale med VD 25.03.19 der ekstraordinære kostnader skal tolkes ihht regnskapsloven. I så henseende har Ferde ikke hatt ekstraordinære kostnader.
2. Reelle passeringer	Antall passeringer - Andre halvår (01.07-31.12) 2018 97 546 072	Kommentarer KPI 2 - Driftskostnad i prosent av inntekt, er for 2. halvår 2018 12,5 % (1. halvår 13 %)
3. Totalinntekt på identifiserte passeringer	Inntekter - Andre halvår (01.07-31.12) 2018 kr 1 365 545 785,00	Kommentarer KPI 4. Identifiseringsgrad - 98,6 % (antall passeringer identifisert og priset ift reelle passeringer)
4. Totalinntekt fra kunder uten avtale	Inntekter- Andre halvår (01.07-31.12) 2018 kr 216 965 595,00	Kommentarer KPI 3. Realiseringsgrad på passeringer uten avtale - 109,1 % for 2. halvår 2018. Her ser det ut til at en har fått høyere inntekt enn hva som er mulig ift hva som er identifisert. Dette henger mest sannsynlig sammen med periodiseringer fra tidligere år som ikke er foretatt etter samme måter som nå benyttes. 2018 må sees på som et konsolideringsår
5. Antall passeringer identifisert og priset fra kunder uten avtale	Antall passeringer - Andre halvår (01.07-31.12) 2018 8 680 837	Kommentarer
6. Antall passeringer identifisert og priset	Antall passeringer - Andre halvår (01.07-31.12) 2018 96 159 217	Kommentarer
7. Totale finanskostnader	Kostnader- Andre halvår (01.07-31.12) 2018 kr 139 732 131,00	Kommentarer KPI 5. Gjennomsnittlig finanskostnad, annualisert 2,1 % 2. halvår 2018, (annualisert 1,7 % 1. halvår)
8 Total gjeld ved utløp av perioden	Gjeld - Andre halvår (01.07-31.12) 2018 kr 13 423 104 224,00	Kommentarer
9. Finansinntekter	Inntekter- Andre halvår (01.07-31.12) 2018 kr 33 069 928,00	Kommentarer KPI 6. Avkastning på likviditet, annualisert 2,3 % 2. halvår 2018, (annualisert 1,1 % 1.
10. Omløpsmidler ved utløp av perioden	Omløpsmidler- Andre halvår (01.07-31.12) 2018 kr 2 894 495 308,00	Kommentarer